

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Dale 23.01.08

**FRÅSEGN FRÅ HAFS REGIONRÅD TIL "FORSLAG TIL FORBEDRING AV
OVERFØRINGSSYSTEMET FOR KOMMUNENE" ("SØRHEIMUTVALET")**

HAFS-regionen (kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen) ligg lengst sørvest i Sogn og Fjordane. Regionen er naturskjøn, og prega av mange øyar, fjordar og fjell. Dette fører til lange reiseavstandar mellom folk. HAFS-regionen har ikkje noko klart senter, og utgjør ikkje ein felles bu- og arbeidsmarknad. Regionen er den mest spreiddbygde i eit særskild spreiddbygd fylke. Kommunen er ein viktig hjørnesteinsbedrift i alle HAFS-kommunane.

HAFS-regionen har dei siste åra hatt sterk reduksjon i folketalet. I perioden 1991-2007 har folketalet i regionen blitt redusert frå 12 422 til 10 782 (-13%), og frå 1986 til 2007 har aldersgruppa 25-34 år krympa med 40 %! Folketalet har gått vidare ned frå 10 782 til 10 652, dvs. ein reduksjon på 1,2%, fram til og med 3. kvartal i 2007! Dette gjev reduserte kommunale inntekter.

Samstundes har verknaden av endringane i overføringssystemet frå 1997 (etter Rattsutvalet) gitt regionen ei lite positiv inntektsutvikling frå 2002-2006. Kommunane har no store utfordringar med å få til ein sunn kommuneøkonomi dei neste fire åra utan kraftig reduksjon i det kommunale tenestetilbodet. Men kraftige kutt er ikkje noko godt verkemiddel for å få til ei positiv utvikling i folketalet. Dette er eit særskild vanskeleg dilemma for dei folkevalde i vår region no, og i stor grad "eit val mellom pest og kolera".

HAFS-regionen har hatt positive forventningar til Sørheimrapporten og til at eit nytt overføringssystem vil rette opp att noko av innteksttapet som omlegginga av systemet i 1997 førte til for små og spreiddbygde kommunar. Med oppdaterte folketal pr 01.01.2008 i staden for folketalet to år tidlegare, som er nytta i rapporten, vil alle HAFS-kommunane kome dårleg ut av dei tilrådde endringane samla sett.

I høve til målsettinga for utvalet sitt arbeid om å *leggje til rette for eit likeverdig tenestetilbod over heile landet*, må det vere eit paradoks at folkefattige "minsteinntektskommunar" med store reiseavstandar og sterkt nedgåande folketal dei siste åra vert dei største taparane ved omlegginga i inntektssystemet, særskilt når dei same kommunane var taparane etter omlegginga i 1997, som har slått inn i kommuneøkonomien med full verknad frå 2007.

Sørheimutvalet legg til grunn for si vurdering at utgiftsutjamninga og kostnadsnøkkelen som vert gjennomgått i KRD gjev full utjamning av kostnadsulempar for dei sentrale velferdstenestene (rapport s. 7). Det er vanskeleg å kommentere Sørheimrapporten utan å ta omsyn til Borgeutvalet sitt arbeid frå 2005, der utgiftsutjamninga var inngåande behandla. Når det gjeld dei to store tenesteområda for kommunane, grunnskule og omsorg, fann Borgeutvalet m.a. ut at det var vesentleg mindre utgiftsulempe pr elev enn i noverande

modell, medan omsorgstenestene vart funne å vere meir utgiftskrevjande for spreiddbygde kommunar, noko som ikkje ligg inne i kostnadsnøkkelen i dag. Borgeutvalet fann utifrå ei samla vurdering grunn til å vekte "spreiddbygdfaktoren" lågare i sitt framlegg til ny kostnadsnøkkelen enn i dag. Det faglege grunnlaget for å gjere eit slikt grep kan absolutt diskuterast, særskilt fordi Borgeutvalet heilt forlet den normative Agdermodellen.

Konklusjon:

HAFS Regionråd meiner det er viktig at endringane i overføringssystemet må ha som mål å leggje til rette for eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. Summen av endringane i Sørheimrapporten vil verke i heilt motsett retning for ufrivillig små kommunar med lange reiseavstandar, og gjere det sær sarskeleg for desse kommunane å gje eit forsvarleg tenestetilbod til innbyggjarane og få til ei positiv utvikling framover.

Regionrådet ynskjer å peike på desse moglege endringane for å forbetre overføringssystemet:

- 1. Folketalsuavhengige overføringar som basis- eller regionaltilskotet må nyttast i større grad.**
- 2. Spreiddbygdkriteria innafor utgiftsutjamninga må vektast vesentleg opp i høve til tilråding frå Borgeutvalet.**

I det vidare arbeidet med inntektssystemet bør ein ha eit særleg auge for situasjonen i spreiddbygde kommunar med lågt folketal og vanskelege kommunikasjonar, som t.d. dei fleste kystkommunane i Sogn og Fjordane.

HAFS Regionråd meiner i tillegg at skjønsmidlane må haldast oppe på eit visst nivå for å utjamne utilsikta utslag av modellen, som t.d. at Fjaler på grunn av UWC-elevane kan verte registrert med færre innbyggjarar enn det reelle ved endra teljedato.

Med helsing

Arve Helle (sign.)
Regionrådsleiar

Ainor F. Naustdal
Ainor Fristad Naustdal
Utviklingskonsulent

Kopi til:
HAFS- kommunane
KS Sogn og Fjordane